

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.og 21.09.2017**

Følgjande stilte spørsmål om dei var inhabile:

- Nils Marton Aadland (H) er styreleiar i Museumssenteret Hordaland
- Aud Karin Oen (SV) er styremedlem i Museum Vest
- Benthe Bondhus (Sp) er styremedlem i Baroniet Rosendal

Aadland, Oen og Bondhus gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile.

Fylkesutvalet vedtok samråystes at Nils Marton Aadland, Aud Karin Oen og Benthe Bondhus var inhabile, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Aadland, Oen og Bondhus gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 12 representantar til stades.

### **Røysting**

Innstillinga vart samråystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget tek Agderforskning sin rapport *Evaluering av museumsreformen i Hordaland* til vitande.
2. Fylkestinget ser at musea i Hordaland har nådd mange av måla for reforma, og merker seg at den regionale satsinga på fellesatenester kjem positivt ut.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram forslag til tiltak som grunnlag for politikkutforming og satsing i åra 2019-2025. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ha særleg fokus på organisering og på korleis ein kan styrka friviljugheita etter konsolideringa. Dette må gjerast i samarbeid med musea og representantar frå utvalde kommunar.
4. Fylkestinget ber musea ta evalueringa opp til handsaming som grunnlag for vurdering av ytterlegare konsolideringar.